



Erlend Moen vurderer å halda ungane heime. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Hvis kommunen ikkje kan ordne med sikker transport, vil vi heller vurdere å halda ungane heime. Det skriv Erlend Moen og Torill Ljosnes Moen, som bur på Ljosnes, i eit brev til kommunen. Brevet er ein reaksjon på varsel frå Uskedalen oppvekstsenter om at dei legg ned drosjeskyssen frå 1. mai av økonomiske årsakar.

Foreldra kan ikkje godta dette så lenge tilhøva rundt buss-stoppen er som dei er. Vegvesenet har oppgitt at det pr. døgn i 2006 passerte 1.600 personbileiningar. Størsteparten av denne trafikken vil naturleg konsentrere seg om den tida når skolen startar om morgonen. I januar i fjor var rektor, foreldra, Tide og vegvesenet på synfaring og det var einigheit om at buss-stoppen var svært farleg og at det måtte gjerast noko med han.

Eit brev frå kommunen i oktober i fjor varsla at dei ville sette i gang opparbeidinga av buss-stopp skraks løyvinga var på plass. Sidan har ingenting skjedd, med unntak av det siste utspelet frå skulen.

Erlend og Torill Ljosnes Moen sender meir enn gjerne ungane med buss, men ikkje før buss-stoppen er ordna. Elever heilt ned i 2. klasse blir no tvungne av skulen til å stå ute i trafikken for å venta på bussen. Erlend Moen og Torill Ljosnes Moen peikar på at det er mykje tungtrafikk i begge retningar og tillegg til stor tettheit av bilar. Når to lastebiler møtest, er det ikkje mykje plass for ungane å stå på. Dei er då tvungne til å gå ned i vegskråningen for ikkje å risikera å bli dregne med eit passerande køyretøy.

Spesielt ille er det i retning Uskedalen då svært mange bilar som kjem frå 80-sona ikkje bremsar ned før dei nærmar seg svingen etter at dei har passert buss-stoppen. Den er plassert i innersving, noko som gjer situasjonen enda farlegare for dei som står og ventar. Ungar i denne alderen er ikkje alltid like observante, dei

leikar og har vanskeleg for å halda seg i ro. Det skal svært lite til før det skjer ei katastrofal ulukke. Til hausten kjem ein førsteklassing og Moen spør: - Er det tanken at han også skal stå i vegkanten?

Rektor Vidar Haugland skriv i brevet sitt til foreldra at så lenge buss-stoppen er "lovleg og akseptabel" vil ikkje skulen dekkja ekstraskyss.

Moen svarer til dette at det er ållmenn einigheit mellom alle etatar om at denne buss-stoppen på langt nær er akseptabel. Om ikkje skulen har midlar, må kommunen tilføra dei midlane som skal til å oppretthalda ein trygg og forsvarleg skuleskyss og snarast få opparbeidd denne buss-stoppen.

- Vi kan ikkje godta at foreldra blir nytta som ein kasteball mellom to etatar i same kommune, skriv Erlend Moen og Torill Ljosnes Moen.

Dei varslar at deira ungar ikkje vil få lov til å stå i vegkanten slik skulen no tvingar dei til.

Av Ola Matti Mathisen



Ein forsvarleg buss-stop på Ljosnes har vore etterlyst lenge. (Foto: Ola Matti Mathisen)